



Lærlingar og elevar med vidaregåande opplæring ute i bedrift:

# Du har rett på eit trygt og godt arbeidsmiljø fri for truslar og trakassering

Dette gjeld også seksuell trakassering

Med seksuell trakassering meiner vi ei kvar form for uønskt seksuell merksemrd som har som mål å verke krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdigande, audmjukande eller plagsam (Likestillings- og diskrimineringslova § 13).

**Seksuell trakassering er ubehageleg for minst ein av partane.**

Seksuell trakassering blir delt inn i tre former – verbale, ikkje-verbale og fysiske uttrykk.

- Verbale uttrykk**  
kan vere direkte bruk av kjønnslege ord som "hore" og "homse", kommentarar om kropp, utsjånad eller privatliv, og forslag/krav om seksuelle aktivitetar.

- Ikkje-verbale former**  
kan vere visning av pornografiske bilete og meir indirekte former som meldingar, oppringingar, bilet med seksuelt innhald, ryktespreiing, eller spreiing av bilet med seksuelt innhald av personar på nett eller i sosiale media.

- Fysiske former**

kan vere seksuell kontakt som klemming, kyssing, og beføling av bryst eller underliv. Desse formene for trakassering grensar opp mot seksuelle overgrep og krenkingar og kan straffast etter straffelova.

Felles for dei ulike variantane av seksuell trakassering er at dei blir opplevd som overgrep mot din personlege integritet og dine grenser.

**Eksempel på oppførsel som kan vere seksuell trakassering:**

- Unødvendig berøring og "plukking"
- Nærgåande kommentarar om kroppen, kleda eller privatlivet ditt
- Visning av pornografiske bilde, plystring og kroppsbevegelsar som har seksuelle undertonar
- Frå seksuelle initiativ, forslag og hint til psykisk og fysisk press om seksuelle tenester

Alle har eit ansvar for å førebygge, hindre og fange opp seksuell trakassering. Du skal ikkje utsettast for seksuell trakassering. Bedrifter, opplæringskontor og fylkeskommunen har eit ansvar for å kontrollere og følge opp at dette ikkje skjer.

**Kva gjer du?**

Om du opplever seksuell trakassering eller noko ubehageleg i læretida, ta kontakt med arbeidsgivaren din eller verneombod/tillitsvald.

Skriv ned kva som skjedde og korleis du opplevde det. I tillegg kan du ta kontakt med opplæringskontoret, fagrådgivar Opplæring i bedrift eller elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Vi er mange som ønsker å bidra til å betre og løyse situasjonen.

**Kontaktinfo:**

**Opplæring i bedrift i Møre og Romsdal fylkeskommune**

- Tlf: 71 28 00 00 – spør etter rådgivar i ditt lærefag
- E-post: post@mrfylke.no

**Elev-og lærlingombodet**

- Tlf: 71 28 04 49/ 993 01 564
- E-post: elo@mrfylke.no

**Det finst også frivillige organisasjoner og offentlege instansar du kan ta kontakt med:**

- Nok. Møre og Romsdal [nokmr.no/](http://nokmr.no/)
- Helsestasjon for ungdom
- Fastlegen
- Politi
- Arbeidstilsynet
- Støttesenter for kriminalitetsutsatte i Møre og Romsdal

